



DET KONGELIGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Landbruksavdelingen
Postboks 14
6801 Førde

Ad-2

Deres ref
2005/4130

Vår ref
200501323-/GDL

Dato
16.08.2005

543.5

Søknad om støtte til eit Landbruk Pluss-prosjekt - Naturbruk i Jostedalen

Vi viser til brev av 26.07.05 med søknad om støtte til eit prosjekt knytt til naturbruk i Jostedalen. Prosjektet skal vere ei oppfølging og utvikling av konkrete naturbaserte tiltak i Jostedalen. Arbeidet vil byggje på det tre-årige Naturbruksprosjektet som vart avslutta tidlegare i år, og oppfølginga byggjer på ein desentralisert modell som bygdelaget har hovudansvaret for, med hjelp frå fylket, kommunen og Statens Naturoppsyn.


Landbruks- og matdepartementet løyver kr. 150 000,- til prosjektet for 2005 i tråd med prosjektplanen.

Departementet leggjar til grunn for løyvinga at det blir laga gode system for vidare oppfølging etter at prosjektperioden er avslutta, slik at kunnskap og erfaringer kan få ei varig virkning for distriktet. Departementet meiner og at prosjektet kan ha verdi for andre fylke og distrikt, og vil at kunnskapen ein får kan bli gjort open for andre.

Rapport om bruk av midlane og revisorgodkjend reknskap må sendast departementet når prosjektet er avslutta.

Løyvinga blir betalt ut etter at utbetalingskrav er motteken.

Med helsing


Frøydis Vold (ef)
ekspedisjonssjef


Geir Dalholt
underdirektør